



Skulen må satsa på lufting enda nokre år- Dette er arbeidsrommet til lærarane (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I økonomiplanen for 2014 er det ført opp 8 millionar kroner til oppgradering av undervisningsromma på skulen i Uskedalen. Difor er større midlertidige tiltak ikkje aktuelle å utføre i år. Det vil gå utover andre tiltak på bygg som ikkje ligg inne med midlar for bygningsmessige oppgraderingar. Saksbehandlar Knut Bjørgvik gjer det klart i eit svarbrev til FAU om innklimaet i skulen. FAU etterlyste tiltak for betring av dette.**



Tradisjonell lufting må til førebels. Her sit Aud Jorunn Seim på arbeidsplassen sin

Tekniske tenester er klar over at inneklimate i delar av skulen ikkje held krava til undervisningsrom i arbeidstilsynet sin vegleing.

Tekniske tenester har utført målingar i tillegg til dei som Sunnhordland HMS har gjort og resultatane var som venta for rom som ikkje har ventilasjon. Men med tilpassingar av undervisninga kan Co2-innhaldet haldast på eit noko lågare nivå enn i dag.

Med effektiv utlufting av klasseromma reduserast Co2-nivået drastisk på stutt tid. Det kjem tydeleg fram i målingane, påpekar Knut Bjørgvik.

Av Ola Matti Mathisen